

Til Surnadal kommunestyre

Høringsuttale – skulestruktur i Surnadal – Skule for framtida- grep for kvalitet og økonomisk berekraft

Fagforbundet i Surnadal organiserer ca 715 medlemmar og fleire av desse er tilsette i skole og barnehage.

Ei arbeidsgruppe frå Fagforbundet Surnadal har utarbeidd dette høyringssvaret.

Fagforbundet er opptatt av at alle tilsette skal ha gode arbeidsforhold og at arbeidsmiljøet skal være godt både fagleg og sosialt. Det er viktig for gode oppvekstvilkår at alle trives og kjenner at dei høyrer til på arbeidsplassen/skolen/barnehagen.

Vi uttrykkjer skepsis til både dei økonomiske føresetnadene og dei faglege konsekvensane som blir lagt til grunn i høyringsforslaget. Vi ønskjer å knytte kommentarer til fleire av punkta i høyringsnotatet.

AUKE GRUPPESTORLEIKEN PÅ SUBUS

Planlagde innsparingstiltak knytta til auka gruppestorleik på SUBUS på ca 1 mill kroner manglar etter vårt syn klare grunnlagstal når det gjeld berekning og vurdering av lokaler. Dette gjer at vi tvilar på om effektane blir så store som forventa.

Det er og uklart for oss kva som er meint med «det er usikkert om dette let seg gjere i praksis»? (Høyringsdokumentet s. 8.)

På generell basis er Fagforbundet og bekymra for at ein eventuell auka gruppestorleik på SUBUS vil gå ut over elevane i form av for lite individuell hjelp og at dette igjen vil gå ut over innlæringa og motivasjonen til elevane.

Vi er og redde for at læringsmiljøet vil bli prega av meir uro og at tilsette vil kjenne på frustrasjon over å ikkje strekke til i alle situasjoner i gruppa.

Med mange fleire elevar i gruppa, vil det bli mer utfordrande å legge til rette for individuelt tilpassa opplæring, noko Opplæringslova seier er ein rett elevane har.

FRÅ TREDELING TIL TODELING I OPPVEKSTSENTRA

Det er ikkje vurdert korleis dette vil verke på læringsmiljøet, dei tilsette sitt arbeidsmiljø og kvaliteten på undervisninga. I verste fall kan det føre til høgare sjukefråvær og auka kostnader.

SFO

Dersom det blir samanslåing av skular og flytting av elevar til SUBUS, er vi redde for at SFO vil få ei stor utfordring med rom til alle. SFO vil merke auka trykk om morgonen og etter skuletid. Det vil bli fleire elevar som får lengre ventetid på buss.

LEIRSKULE

I høyringsdokumentet står det at pr i dag har leirskuleopphaldet ein samla kostnad på 470 000 og vi forstår det slik at det kan sparast ca kr 100 000 på å finne anna opplegg.

Leirskuleopphald er et kjempegodt og viktig tilbud. Elevar som kanskje ikke finn seg så godt til rette på den «vanlege» skulen kan få ein liten arena å blomstre på, bli litt kjende med anna kulturar og skikkar og kanskje få nye venner. Tilsette får også sjå elevane i ein annan samanheng enn på skulen, noko som kan vere positivt både for elevane og dei tilsette.

MOT

Vi er skeptiske til å avvikle MOT-prosjektet, men ser at kommunen sitt igjen med erverva kompetanse gjennom fleire år med MOT-arbeid.

I ein undersøkelse som «Hvorfor MOT» har gjort, har elevene uttrykt at MOT bidrar til eit bedre klasse miljø og at det forsterkar positiv adferd.

FAGLEGE OG PEDAGOGISKE KONSEKVENSAR

Opplæringslova krev at undervisninga skal vere pedagogisk forsvarleg. Då må det vere stor nok lærartettleik, 15 elevar pr. lærar, og det må vere rom for individuelt tilpassa opplæring. Vi er redde for at dette vil bli utfordrande å få til med auka storleikar på gruppene og sentralisering av skular.

Fagforbundet er kjent med at det allereie er for liten kapasitet på grupperom ved SUBUS. For tilsette er dette ein stressfaktor.

Ei eventuell sentralisering vil også føre til lengre skuleveg som igjen kan påverke elevane, og særleg dei yngste.

ORGANISATORISKE OG ARBEIDSMILJØMESSIGE ASPEKT

Auka arbeidspress på tilsette i oppvekstsektoren kan føre til auka sjukefråvær og svekka arbeidsmiljø. Dei tilsette opplever usikkerheit i samband med eventuell nedbemanning, overtalligheit og evt. oppseiingar. Dette er lite omtala i den psykososiale ROS-analysen.

FAGFORBUNDET SIN KONKLUSJON OG FORSLAG TIL VIDARE PROSESS - OPPSUMMERT

Det er ønskje om ein meir grundig budsjett- og konsekvensanalyse, der vi får fullstendig dokumentasjon for dei påståtte innsparingane. Det må bli gjennomført ein meir grundig ROS-analyse enn den som føreligg knytt til eventuelle endringar av tilsettingsvilkår og arbeidsmiljø.

Med helsing Fagforbundet Surnadal
v/hovedtillitsvalgt Daniel Nicolaisen Haarstad-Bøe.